

02. AUGUST 2024
ÅRGANG 57

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

Kyrkjebladet

- Ny sokneprest s. 3
Ytre Arna kyrkje 125 år s. 4-5
Bli med i kor! s. 11
Kristenretten s. 11



DEN NORSKE KYRKJA

Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Møyfrid N. Opheim
Redaksjonen: Ingvar Fløysvik, Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås, Kristin Haukaas, Erik Rodal, Møyfrid N. Opheim

Design: Ruth Sofie Steinsland
Trykk: Unigrafisk AS
Opplag: 5700
Foto framside: Odd Mehus

Neste utgåve: 22. nov
Materiellfrist: 18. okt

Arna kyrkjekontor
Lakslia 21 (Arna Kyrkjelydshus)
Tlf: 55 36 22 70
Kontortid: tysdag, torsdag og fredag
kl 10-15

Dagleg leiar Arna og Ytre Arna
Marianne W. Fanebust
arna.menighet@kyrkja.no
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no

Arna kyrkjelyd
Open kyrkjestove fredagar kl 11-13
Facebook: Arna kyrkjelyd

Soknerådsleiar: Torill Vik Johannessen
Sokneprest: Roar Moen, rm263@kyrkja.no.

Kapellan: Gina Marie Reisæther-Thu
gr693@kyrkja.no

Kantor: Olav Arne Steinkopf,
os377@kyrkja.no

Kateket: Cathrine Snipsøyr
cs262@kyrkja.no, tlf: 920 71 840

Trusopplærar: Gro Eman, ge427@kyrkja.no

Ytre Arna Kyrkjelyd
Open kyrkje onsdagar kl. 11.30-13.00
Facebook: Ytre Arna kyrkjelyd

Soknerådsleiar: Jorunn Haukås
Sokneprest: Ingvar Fløysvik
if952@kyrkja.no, tlf: 916 06 626
Organist: Jørn Skauge, js234@kyrkja.no
Trusopplærar: Marianne Hjortland,
mh798@kyrkja.no

Kyrkjetenar i Arna og Ytre Arna:
Monica Ohr, mo886@kyrkja.no,
tlf 412 04 198

Ungdomsdiakon 13-20, Arna og Ytre Arna:
Maria Aasheim Grosås mg647@kyrkja.no,
tlf 413 60 923

Styrar i Noa og Sakkeus open barnehage:
Møyfrid N. Opheim,
sakkeusopenbhg@outlook.com

Vil du gje ei gåve?

Arna Kyrkje
Konto: 1506.60.81157
Vipps: 11237

Ytre Arna Kyrkje
Konto: 5081.08.12726
Vipps: 12191



Tankar om tru

Ein bustad i slekt etter slekt

«Herre, du har vore ein bustad for oss i slekt etter slekt» (Salme 90,1). Desse orda frå ei bøn av gudsmannen Moses renn i minnet når me tenker på året som no passerer. Det har vore store feiringar av kristenretten kong Olav sette på Moster i 1024, og av landslova til Magnus Lagabøte frå 1274. Dette var ei av dei fyrste verkelege landslovene i Vest-Europa, og ho var sterkt prega av kristen tru og tanke. På Hamre har dei markert at staden har hatt kyrkje i 1000 år, sjølv om den som står no, er frå 1600-talet.

Og i oktober er det vår tur. Ytre Arna kyrkje er 125 år i haust. Her har folk samlast til helg og høgtid i slektledd etter slektledd. Born har kome på armane til foreldra og vorte døypte til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande. Så har dei gått på eigne føter fram til altaret for å verta bedne for konfirmasjonsdagen. Dei har gifta seg her i kyrkja, bore sine born til dåpen, feira konfirmasjon og giftarmål for dei, vore med barneborn til kyrkja, somme endå oldeborn. Og så var dei her ein siste gong. Kunne dei høyra noko då, ville mange av dei ha fått med seg nett desse orda: «Herre, du har vore ein bustad for oss i slekt etter slekt.» Men Gud er ikkje berre minne. Jesus har stått opp, han lever og er her. Kvar gong eit menneske vert døypt, er han som gav livet, til stades og frelser oss «ved badet som gjenføder og fornyar ved Den heilage ande» (Titus 3,5). Når me les eller høyrer Guds ord eller syng om Herren, står det like fast at kvar den som trur på han, skal ikkje gå tapt, men ha evig liv. I brødet og vinen ved nattverden gjev Jesus seg sjølv til oss gjen-nom alle sansane. Han vil vera vinen din i gode og vonde dagar og leia deg trygt med si sterke hand gjennom alle farar livet til endes, om han berre slepp til. Snart skal han koma att med alle englane for å dømma levande og døde. «Då skal dei rettferdige skina som sola i sin Fars rike» (Matteus 13,43).

«Herre, du har vore ein bustad for oss i slekt etter slekt»

Sal 90,1



Ingvar Fløysvik



Intervju med Roar Moen

Første september startar Roar Moen i tenesta som sokneprest i Arna. Mange er spente på å møte nyepresten- og Kyrkjebladet slo av ein prat for å bli litt kjent.

Moen er oppvaksten i Bamble og har budd på Osterøy sidan 2011. Det er ein allsidig kar som snart installerer seg på prestekontoret i kyrkjelydshuset! Han er ikkje redd for å ta ei utfordring - han har arbeidd både som ambulansarbeidar og lensmannsbetjent og kjem no frå stillinga som dagleg leiar i Loddefjord kyrkjelyd. Moen har vore med i både sokneråd og leiar i fellesrådet på Osterøy, og har såleis god kjennskap til alt som rører seg i og rundt kyrkja.

Eg har alltid høyrte til i kyrkja, seier han. Mor tok meg med på søndagsskolen, så eg er eit godt eksempel på såkornet som fall i god jord. Min første jobb i kyrkja fekk eg då eg var 14 år, i stilling som kyrkjesongar. Det at prestane såg meg, har betydd mykje. Dei sette meg i teneste, noko som gjorde at eg vart trekt inn i trua sitt mysterium.

Roar har teke presteutdanning i vaksen alder. Eigentleg kunne eg nok blitt mange ting, lærelysta og nysgjerrigheita har alltid vore stor. Tanken på å bli prest har nok modna i 25 år. Men så var det dette med at skal ein bli prest må ein ha eit kall. I 2019 kom kallsopplevinga – og mitt svar var: 'På ditt ord, Herre'. Og om drygt to veker er det altså ordinasjon i Arna kyrkje.

Kva kjennskap har du til Arna og kyrkjelyden her?
Det eg veit om Arna, er at dei har arbeidd med NaMU (Naturlig Menighetsutvikling) og med det har ein solid grunnmur for kyrkja sitt oppdrag. Difor var det ikkje tilfeldig at eg søkte i Arna. Det er viktig å vere både visjonær og strategisk, at det er ei meining, forankra i kyrkjas oppdrag, i det vi gjer.

Har du tankar om arbeidet i Arna?
Eg har god tid, seier han. Eg har ingen store kjepphestar, og eventuelle endringar må vere relevante og forankra. Men eg er oppteken av at det i kyrkjelyden er undervisningstilbod, tilpassa ulike målgrupper.

Kva med fritidsinteresser?
Eg skal begynne med noko, seier han og ler. Men det var den tida! - Gjerne lese og lære meir om eitt eller anna! Og ein gong skal eg lage meg ein modelljernbane!

Siste spørsmål i denne omgangen: kor skal den nye soknepresten bu?
Osterøy! Det går nok fint å bu der og arbeide i det som ein gong var eit anneks-sokn til øya!

Program

for 125-års-markeringa

Fredag 27. september kl. 19.00:
Jubileumskonsert i Ytre Arna kyrkje.
Organist Jørn Skauge, cellist Zhala Alijevja og YA vokal.

Laurdag 28. september kl. 19.00:
Familie-musikal i kulturhuset
Sentrum.

Onsdag 2. oktober kl. 19.00:
Temakveld: Tankar om tru og tvil.
Biskop Ragnhild Jepsen og prost
Leif Endre Grutle

Sundag 6. oktober kl. 11.00:
Jubileumsgudsteneste i Ytre Arna
kyrkje. Middag i kyrkjelydshuset
etterpå.

Temakveld i Ytre Arna kyrkje

Onsdag 2. oktober kl 19.00

Med biskop Ragnhild Jepsen og prost
Leif Endre Grutle. Tema: Tankar om tvil



Hausten 1899 fekk fabrikkengar Jürg Jebesen ein festblankett med underskrifter frå alle arbeidarane ved Arne fabrikk og med påskrifta:

«*Modtak vor oprigtige og dyptfulte Tak for den store og kjærkomne Gave De har skjænket os ved at lade opføre et smukt og værdigt Gudshus i vor Midte. Gud velsigne Dem. I Hengivenhed Arne Fabrikers Befolkning.*»

Ytre Arna kyrkje 125 år

Blanketten var dagsett «den 5te Oktober 1899». Eg har trudd det òg var dagen kyrkja vart vigd, men anar eg tek feil. 90-års-skriftet nemner ikkje vigsdagen, men i nr. 5/1989 av Kyrkjelydsbladet les me: «Jubileet vert markert ved gudstenesta helgemessesøndag 5. november – same dato som kyrkja vart vigsla i 1899.» Dessutan oppdaga eg at 5. oktober 1899 fall på ein torsdag, medan 5. november høveleg nok var ein søndag. Kor som er, det var altså fabrikk-eigaren som kosta kyrkja, og Arne fabrikk åtte henne. Det førte mellom anna til at borna frå Haugland skulekrins i meir enn tretti år framleis vart konfirmerte i Arna kyrkje. I 1936 fekk soknet overta kyrkja vederlagsfritt. Det vil seia, det formelle var visst ikkje heilt i orden; i 1989 kom det for ein dag at Bergen bank stod oppført som eigar. Dette ordna seg heldigvis greitt.

Kyrkja innvendes

Innvendes fekk kyrkja den forma ho har no, ved storvøla i 1949. Før dette var sperra og sutaket synlege både i koret og skipet.

Det var vindaug på brystveggen framme på begge sider av altaret. Det var skråvegg både bak preikestolen og bak døypefonten, han stod på motsett side av det han gjer no, og det var rekkverk framfor preikestol og døypefont. Den fyrste tida hadde det stått ein kross på altaret mot grøn bakgrunn. Han heng no i prestesakristiet. I 1916 gav lækjaren Gudrun Kolderup eit altarbilete måla av Moritz Kaland. Det hekk lenge på bedehuset, men er no kome tilbake til kyrkja og heng i gangen bak galleriet. På ramma biletet stod i, hadde ein fått Lindås-kunstnaren Katharina Saltnes til å laga utskjeringar. Ho skar òg ut i altarringen. Saltnes var forresten grandtante til den noverande soknerådsleiaren vår. I 1949 fekk me den altartavla me har no. Ho er måla av Axel Revold. Han har òg laga dekor for alterbogen og dei trekanta feltene rundt knestokkane i taket. Den nye altarringen er òg frå dette året. I 1982 vart det laga

rullestolsrampe til døra på austsida av kyrkja.



Instrument og tekstil

Det har stått tre orgel i kyrkja. Det fyrste var ei gåve frå Johan Jebesen. Det andre kom i 1942. Allereie på 1980-talet var det klart at dette orgelet hadde sett sine beste dagar. Kyrkjelyden bestemte seg for ein modell og byrja samla inn pengar. Men avstanden mellom det ein greidde samla inn, og det orgelet kosta, var stor. Hausten 2005 føreslo difor orgelkomiteen at kyrkjelyden i staden skulle kjøpa eit digitalt orgel. Det kunne betalast med løyvingar frå Bergen kyrkjelege fellesråd og dei innsamla pengane nyttast til å kjøpa eit konsertflygel til kyrkja. Soknerådet var einig, og det vart kalla inn til eit soknemøte,



I midten: Krossen i sakristiet
Over: Festblankett til fabrikkengar Jebesen
fra arbeiderne



Over: Altarbilete laga av Moritz Kaland.
Under 1: Interiør kyrkja før oppussing i 1949.
Foto frå M.L. Revheim: Fabrikstaden
Ytre Arna 1846-1946.
Under 2: Kyrkja slik ho ser ut i dag. Foto: O. Mehus

som heller ikkje hadde nemnande motførestillingar. I løpet av 2006 kom difor både eit Yamaha C7-flygel og eit Johannus-orgel med 44 stemmer til Ytre Arna kyrkje.

I 1980 var den gamle mørke-raude messehakelen utsliten. Nye messehaklar i dei liturgiske fargane kvitt, grønt og fiolett kom i åra 1980-1986. I 1984 fekk kyrkjelyden nye teppe til lese-pult og preikestol. Alle tekstila er broderte av Turid Straume og monterte av Jenny Sverresvold og Astrid Bremerthun. Straume og Bremerthun sydde òg kvar sin altarduk. Den duken me har no, vart teken i bruk påska 2008. Han er gjord i hardangersaum og var sydd av dåverande kyrkjetenar Gerd Borge.

Kjelder:

Arnold Nævdal: Ytre Arna kyrkje 1899-1989.
Ytre Arna sokneråd, 1989.
Asbjørn Åsgard: Katharina Saltnes – for de
uberømte. Nordhordland forlag, 2001.
Kyrkjelydsblad for Arna 1968-2024.

TEKST: INGVAR FLØYSVIK



Livet i kyrkjelyden

Frå starten var det to gudstener i månaden i Arne kapell, som kyrkja heitte då. Seinare var det i mange år minst tre. Tidleg på 2000-talet kom talet ned att på to. Ein grunn kan ha vore at prestane no skulle ha ei frihelg i månaden. Gudstenestespråket var riksmål/bokmål fram til 1937, då det vart vedteke å gå over til nynorsk. I 1907 tok ein til å bruka Blix-salmane attåt Landstad, frå 1936 til Norsk Salmebok kom i 1984, nytta kyrkjelyden Nynorsk Salmebok.



Ytre Arna barne- og ungdomskor 1999

Song og musikk

Song har alltid vore viktig i Ytre Arna. Frå 1975 byttest songarar frå Haugland songlag om å leia songen i gudstenesta. Seinare overtok kyrkjekoret. No organiserer organisten forsongartenesta. Siri Brunvoll vart tilsett som kantor i Ytre Arna i 1981. Ho skipa straks eit barne- og ungdomskor og så kyrkjekoret året etter. Frå då av har kyrkjelyden, med korte avbrot, hatt eit barnekor. Namna har skifta. Frå hausten 2004 heitte det Ytre Arna barnespel og femna om aldersgruppa 1. – 4. klasse, seinare 1. – 5. klasse. Frå 2012 vart det Ytre Arna barnevokal og tok inn songarar frå 2. klasse og

oppover. I dag er namnet Non stop singing. Nedre aldersgrense er 1. klasse, men fleire av songarane er allereie i tenåra. Då det nye tusenåret tok til, byrja kyrkjekora i Ytre Arna og Arna med felles øvingar, fyrst i Ytre Arna, seinare i Arna. I praksis har dei vore eitt kor sidan.

Ungdomskoret Koret på Sporet vart starta i 1999. Nokre av songarane danna lovsongsteamet Ebenezer. Før jul 2000 song Ebenezer inn CD i kyrkja. To år seinare var det heile koret sin tur. I 2003 sytte lovsongsteamet for månadlege bønne- og lovsongskvelder i kyrkja. Koret heldt det gåande i rundt ti år, den siste tida som Ytre Arna lovsong. Vaksenkoret Ytre Arna vokal starta hausten 2014 og har heile tida hatt Bjørn Bergmann som dirigent. Ikkje minst konfirmasjons-gudstenestene har fått eit lyft gjennom songen deira.

Felleskonsertane før jul var i mange år ein fast tradisjon. Dei ser ut til å ha starta med Arne Musikforening pluss innbedne kor og songlag. Frå tidleg på 80-talet deltek dei nye kora til kantor Brunvoll, og så kjem Arne sangforening med i 1990. Konsertane gjekk fram til koronaen kom. Fleire av aktørane har eigne konsertar i kyrkja.

Born og ungdom og heile verda

I alle fall frå 1980 har 4-åringane fått Mi kyrkjebok. Dei fyrste åra delte ein boka ut i heimane, seinare har praksis vore å be 4-åringane, etter kvart òg 6-åringane, til ei



Jorunn Haukås og Ingvar Fløysvik har julevandring

gudsteneste i kyrkja og la dei få boka der. Dåpsutvalet starta arbeidet sitt i 1993. Utvalet bygde opp eit omfattande program. Dåpskontaktar vitja borna på årssdagen for dåpen dei tre fyrste åra. Det vart òg laga tilbod til dei fleste skuleklassane. Frå 2014 fekk me eigen trusopplæringsmedarbeidar i 30%. I konfirmantarbeidet nytta me opplegget U-Alpha frå hausten 2001. Me gjekk over til TenTro i 2021. Noa open barnehage er eigd av kyrkjelyden og starta opp i kyrkjelydshuset 15. september 2009. Han er open tysdag, onsdag og torsdag.

Tidleg på 90-talet samla konfirmantane inn til helsearbeidarar i Mali og Bangladesh. I 1995 fortel Kyrkjelydsbladet at ein i mange år har hatt «bornas misjonssundag» i januar. I 2003 gjorde soknerådet



Sunniva, Lovise og Jenny har fått kyrkjebok. Foto: I. Fløysvik

med Noa open barnehage. Foto: M. Opheim

avtale om eit misjonsprosjekt mellom Malinke-folket i Mali. Før jul 2005 var fem frå kyrkjelyden på gjesting i dette landet. I 2006 fekk ein i tillegg eit prosjekt for kringkastaren SAT-7 i Midt-Austen. Frå 2019 har kyrkjelyden i staden hatt China Lutheran Seminary, Hsinchu, Taiwan, som sitt misjonsprosjekt.

Diakoni

Etter Kyrkjelydsbladet nr. 6/1999 fekk kyrkjelyden diakonutval i 1990. Det kan ikkje vera heile sanninga, for i 1982 søkte utvalet soknerådet om å få ha kyrkjekaffi «stundom». Det var òg ein «eldretreff» i tilknytning til aldersbustadene på Flatane. Han fall bort då dagsenteret i Alf Bondes veg kom. Etter det har presten hatt andakt her ein gong i månaden. Den 24. januar 1993 bad ein inn pårørende til minnegudsteneste for dei som var gravlagde siste året. Frå

hausten same året vart desse gudstenestene lagde til helgemessesundag. Frå 1982 inviterer kyrkjelyden 50-årskonfirmantane til gudsteneste og eit måltid etterpå. Nokre år var òg 60-årskonfirmantane innbedne.

I 1987 kom Arna mottaksenter. Juni 1988 bad kyrkjelyden innbuarane på senteret til «Social evening». Dei fleste var frå Chile, og på den chilenske nasjonaldagen, 18. september, bad dei kyrkjelyden tilbake. Året etter engasjerte både kyrkja og pinseforsamlinga Betania seg i ei asylsak og sende brev til departementet. Minst to gonger har familiar vore i kyrkjeasyl i kyrkja. Asylantane var viktige for kyrkja så lenge mottaket stod, mange har engasjert seg, og venskap har vore forma. Marit Bjørsvik var diakon i Ytre Arna i ei deltidsstilling frå 2015-20. Ho brukte heile tida si på asylsøkjjarar og papirlause. Frå hausten 2016 og ut 2020 hadde kyrkjelyden og Ytre Arna indremisjon internasjonale samlingar på bedehuset annankvar måndag, og i 1919 og 20 hadde me til saman tre internasjonale gudstener. Frå 1983 har det vore basarar til inntekt for kyrkjelydshuset.

Kyrkja og bedehusa

Det har vore eit godt samarbeid mellom bedehusa og kyrkja. I mars 1980 var det ein evangelisk aksjon i Ytre Arna med John Olav Larsen. Seinare er det fast ei felles møteveke i kyrkja i februar utover heile 80-talet. Det har òg vore felles veker

seinare. I alle fall frå 1987 er det felles markering av Bibeldagen på såmannssundagen. Så lenge pinsemenigheten Betania eksisterte, var dei òg med på samlingane. Lenge var desse samlingane alltid i kyrkja, no er dei to bedehusa og kyrkja vertskap kvart sitt år.

Hausten 1999 starta kyrkjelyden og bedehusa med felles Alpha-kurs. Over nyttår 2006 kom ein i gang med felles bibelgrupper, kalla «cellegrupper» med ein tanke om at dei skulle få med nye, dela seg og verta fleire grupper, og temsamlingar. Fleire av gruppene er enno oppegåande, temsamlingane tok slutt då koronaen kom. I staden har me fått ein serie felles bibeltimar vår og haust, rundt halvparten på bedehusa og resten i kyrkja.

I fjor hadde bedehusa og kyrkjelyden felles møtehelg i pinsa med Oddvar Søvik som talar. Mange kom òg frå andre forsamlingar, særleg frå Arna misjonsmenighet. Det vart gode samlingar.

TEKST: INGVAR FLØYSVIK



Møte på Haugland bedehus i forbindelse med møtehelg med Oddvar Søvik. Foto: Ruth Sofie Steinsland

Kyrkjebudet på nettsida

Frå 1. januar 1968 vart Arna eige prestegjeld, og då fekk me eit kyrkjelydsblad for Arna. Talet på nummer har variert. Somme år kom bladet ut med 10 nummer. No kjem Kyrkjebudet til påske,

etter sommaren og før jul. I samband med jubileet har me lagt alle årgangane frå 1968 til i dag på nettsida vår (kyrkja.no/ytrearna). Nokre einskiltnummer manglar, særleg frå dei fyrste årgangane.

Meir stoff om kyrkja og kyrkjelyds-huset finn du i Mål og miljø 2023 og i Kyrkjebudet 2/2023 og 1/2024. Me nemner òg Kyrkjelydsbladet nr. 6/1999.

Søndag 1. september kl. 10.30

Andreas Kvamme
Emil Gjerde Iversen
Hermine Malene Djønn Eide
Jonas Johannessen Urdal
Magnus Fjeldstad
Marte Brusdal Solhaug
Marthe Mo
Olivia Kroken Andersen
Sara Vågenes
Thea-Emilie Elvik Pedersen
Vilde Djønn
Vilde Njaastad Erdal

Søndag 1. september kl. 12.30

Amalie Erstad Reigstad
Aurora Fosse-Larsen
Filip Kvalvåg
Hannah Balestrand
Ida Emilie Søilen
Jacob Gjellesvik Lundgren
Marikken Dyrkolbotn Hansen
Mats Tvedt-Flatabø
Mine Andvik Tørnblom
Sofie Syversen
William Rabben Antonsen
William Andre Langhelle

Lørdag 7. september kl. 10.00

Andrine Kjellesvik Venheim
Christian Kjellesvik Venheim
Elias Osmundsen Djønn
Falk Hennø Rolland
Isak Martinussen Fagernes
Jacob Sæbø
Kaia Espevoll Eriksen
Lars Kleppe Hårvik
Markus Djønn Oppedal
Martin Engen Brakstad
Mikal Haukeland-Hansen
Nikolas Rolfsnes Vedå
Vera Bakke Myklebust

Lørdag 7. september kl. 11.45

Aleksander Rasmussen
Eline Hauge Dijkstra
Emil Johan Reknes
Emil Andre Tysse
Fredrik Grindheim-Hustveit
Helene Solberg
Ingeborg Kvingedal Lindsetmo
Julie Martinsen
Marius Hope Birkeli
Milla Lillefosse Sandvik
Oskar Stoknes Hemre
Sabine Nygaard Skjellstad
Sebastian Matre
Storm Skulstad Rystad
Thorbjørn Wayne Sirseth

Lørdag 7. september kl. 13.30

Alexander Sæthre Frøholm
Amalie Unneland
Amalie Aase
Amalie Erdal Aasen
Andrine Stephansen
Gabriel Jørgensen
Julie Søgnesand
Malin Gjeraldstveit Skulstad
Maria Knutsen
Sofie Berger
Sofie Dale Romslo
Tuva Birkeland Bertelsen

Søndag 8. september kl. 11.00

Alejandro Caridad de armas Morales
Alexander Lexau Rygg
Anna-Kristina Hammersland-White
Emilie Aase Sperstad
Even Alexander Sørsdal
Frida Fredheim Haga
Liwia Izabela Nazarewicz
Maria Mjelde
Marla Anahira Aspenes Tepu
Matias Helleve Wollertsen
Mattias Leander Trovik
Michelle Roos-Breidvik
Oda Linnea Nesheim
Vegard Heimdal

Informasjon om konfirmanttida 2025 i Arna kyrkje



I 2024 starta vi ei prøveordning med å flytte konfirmasjonane til hausten. I første omgang gjeld det for 2024 og 2025. Vi sender brev i posten til alle døypte som er fødd i 2010. Om du ikkje er døypt, kan du sjølv sagt vere med på konfirmasjonssamlingane. For å bli konfirmert, må du vere døypt. Så om du ikkje er det frå før, blir du det før konfirmasjonen. Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne. Dersom nokon treng tilrettelegging, så ta kontakt med oss, så finn vi dei gode løysingane saman. I brevet vil det stå alt du treng å vite for å melde deg på. Det vil også stå på Arna kyrkje si heimeside: www.kyrkja.no/arna

Det skal vere informasjonssamling i kyrkja 17. september kl 1730, der vi fortel meir om konfirmanttida. Presentasjonsgudsteneste og oppstart blir rett over nyttår og konfirmasjonsgudstenestene 7., 13. og 14. september.

Konfirmanttida i Arna er satt saman av mykje forskjellig: gruppesamlingar med ulike tema, fellesamlingar saman med heile konfirmantflokket, leir, gudstenester, og aktivitetar som skjer i kyrkja. Før påske er konfirmantene med på Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon.


Det er digital påmelding til konfirmanttida. Link til påmeldingsskjema vil kome på Arna kyrkje si heimeside, og påmeldinga opnar 18. september. Om du synest det er vanskeleg med digitale skjema, kom gjerne innom kyrkjekontoret i kjellaren i Arna kyrkjelydshus, så kan vi ta påmeldinga i lag. I påmeldingsskjemaet kan du mellom anna ynskje dato for konfirmasjon. Følg med på www.kyrkja.no/arna

Vi gler oss til å møte deg!

Med venleg helsing
Cathrine Snipsøyr, kateket i Arna

Oversikt over trusopplæringstiltak i Arna hausten 2024

Høst	9-12 år 4.-7 klasse	Etter skoletid
Høst	0 år	Babysang
18.aug	4 + 6 år	Gudstjeneste "Fest på slottet"
31.aug	1 år	
17.sept	14 år 9. klasse	Info for konfirmantar
xx.sept	9-12 år 4.-7. klasse	MER-festival NB: usikkert
19.okt	11-12 år 6.-7. klasse	Lys våken
24.okt	18 år 2. vgs	Myndig
27.nov	2 år	Krybbesamling
7.des	5 år	Julespill



Revheim Gravferdshjelp

Gravferder og bisettelser på Osterøy og omegn

Tlf 56393030

revheim@grhjelp.no

revheimgravferdshjelp.no



Om lokalt kyrkjeblad

For vel to år sidan vart det avgjort at Arna og Ytre Arna melde seg ut av det felles kyrkjebladet for Åsane prosti for å verta eit lokalt blad for våre to kyrkjelydar. På førehand hadde me fått høyra at ein del lesarar opplevde at stoffet i det tidlegare kyrkjebladet kjendest uaktuelt for dei.

Ein av dei som brenn for dette lokale kyrkjebladet er, Karl Johan Brusdal. Karl Johan vaks opp i ein kristen familie som jamnleg gjekk i kyrkja. Han fortel at når kyrkje-

bladet kom i postkassen vart, bladet lese, og ein las ikkje berre kven som var døypte eller døde, eller kven som skal konfirmerast. Familien las alt!

Brusdal ynskjer at bladet må vera aktuelt for alle årsklassar og ikkje berre den eldre generasjonen. Det skal vera kjekt for alle, og alle må finna noko som angår dei. Han ynskjer sterkt at dei unge skal vera meir synlege i bladet, og at det finst nokre unge som har lyst å skriva litt sjølve.

Redaksjonen takkar Karl Johan Brusdal og mange andre for gode innspel til bladet. Me skal gjera vårt beste for å lage eit blad som

er aktuelt for alle, innanfor dei sidene me har til rådvelde! Og utfordringa går særskilt til ungdommen: skriv om det du er oppteken av, og send til kyrkjebladet. Kontaktinfo på første side.



Frivillige medarbeidarar i Bergen kristne bokhandel. Kari frå Arna, og Nadja.

Den viktigaste boka

Bibelen er utan tvil den viktigaste boka i vår kultur! Dyktige forfattarar har vore med i arbeidet med den nye omsetjinga. I samarbeid med fagteologar gjeld å få fram innhaldet i dei gamle tekstane på «godt norsk», slik at dei kan kommunisere med menneske i vår tid.

Nøkkelforteljingar

Bibelen er grunnboka i vår kultur. For å forstå litteratur- og kunsthistoria treng vi å kjenne til dei viktige nøkkelforteljingane i Bibelen. Kjenner du historia om Josef, Job, den miskunnsame samaritanen, den kloke forvaltaren, den bortkomne sonen – eller hendingane som er opphavet til høgtidene jul, påske og pinse? Oppmodinga er: «Ta og les!» - spesielt i eit år der 1000-årsjubileet for Kristenretten vert markert og 750-år for Magnus Lagabøtes Landslov.

Sigrid Undset

Jon Fosse vann Nobelprisen i litteratur. Den forrige norske nobelprisvinnaren var Sigrid Undset. Ho sa: «Tid og skikk forandres meget, alt som tiderne lider og menneskenes tro forandres, og de tenker

annerledes om mange ting. Men menneskenes hjerter forandres aldeles intet i alle dager».

Bergen Kristne Bokhandel

Like bak Korskirken i sentrum av byen - der Kong Oscars gate møter Øvre Korskirkealmening, finn du ein spesialbutikk for kristen litteratur. Her er heile bredden av kristne forlag representert. I tillegg har ein gåve-artiklar, antikvariat, ikonar og helsingskort til dåp, bryllaup og åremålsdagar. I barne- og ungdoms-avdelinga finn ein bøker til hjelp i trusformidlinga.

Ein spennande driftmodell

Korleis få en «nisjebutikk» til å bli lønsam? Det var spørsmålet etter at fleire kristne bokhandlar i Bergen måtte legge ned. Svaret var: Tilsett ein dugande person i løna stilling og supplert med 10-15 pensjonistar som har glede av å formidle kristen litteratur. Då «går det rundt», ikkje minst takka vere det gode samarbeidet med kyrkjelydar i Den norske kyrkje som tingar materiell til konfirmantar og elles til trusopplæringa.

TEKST OG FOTO: HELGE UNNELAND



Bli med i kor!

Er du den som alltid syng i dusjen? Og i bilen? Bli med i kor då vel, og del songgleda med fleire.

YA Vokal går over til å verte prosjektkor. Dei øver i Ytre Arna kyrkje om lag ei helg i månaden. Koret deltek på gudstenester og konsertar, og tek òg andre oppdrag.

Ta kontakt med dirigent Bjørn Bergmann på epost: bjornbermann68@gmail.com eller Anita Frekhaug, epost: anita_frekhaug@yahoo.no for meir informasjon og prøvesong.



Arna og Ytre Arna kyrkjekor er eit unikt tilbud for deg som likar å syngje. Koret har eit variert repertoar som spenner frå jazz til tradisjonell kyrkjemusikk, gospel og folketonar.

Vi øver kvar torsdag frå kl. 17.30 til 19.30 i Arna kyrkjelydshus. Dette er ei fin anledning til å utvikle di songstemme, møte nye menneske og ta del i eit inspirerende musikkmiljø. Nye songarar er hjarteleg velkomne. Bli med i koret og del gleda av musikk og song i eit inkluderende og varmt fellesskap! Vi gler oss til å møte deg. Første øving i haust er 29. august.

Ta kontakt med kantor Olav Arne Steinkopf på epost: os377@kirken.no for meir informasjon.



YA Non Stop Singing er eit kor for born og ungdom frå 1.klasse og oppover. No er me rundt ti stykke i alderen 6 til 17 år som syng og har det kjekt saman! Me syng i kyrkja på gudstenester, gjerne gudstenester for små og store. Nokre gonger syng me òg andre stader.

Velkomen til øving i Ytre Arna kyrkje kvar onsdag kl. 17.30-18.30! Første øving blir 28. august.

Leiarar er organist Jørn Skauge (js234@kyrkja.no) og Marianne Vevle Hjortland (mh798@kyrkja.no).



I Arna kyrkjelyd er det tradisjon for prosjektkor, og i haust vert det to parallelle prosjekt! 24. november vert det ny direkte-overført NRK-gudsteneste frå Arna kyrkje. Thor Haavik er prest. I gudstenesta vil prosjektkor, Arna og Ytre Arna kyrkjekor samt solistar og profesjonelle musikarar framføre utdrag frå «Visst skal våren komme» av Eyvind Skeie og Sigvald Tveit.

Øvingane til NRK-gudstenesta er torsdagar frå kl. 17.30-18.30 følgjande dagar: 17. okt., 24. okt., 7. nov. og 14. nov. Torsdag 21. november er det øving frå kl. 17.30 til 19.30. Søndag 24. november møter koret kl. 08.30.

12. desember er det **julekonsert i Arna kyrkje**, og nytt prosjektkor. Variert repertoar med nytt og gammalt, tradisjonelt og utradisjonelt knytt til advent og jul. Profesjonelle musikarar, solistar og lokale talent deltek saman med prosjektkoret og Arna og Ytre Arna kyrkjekor

Øvingane til julekonserten er torsdagar kl. 18.45-19.45 følgjande datoar: Torsdag 17. okt., 24. okt., 7. nov. og 14. nov. I tillegg vert det øving 28. nov. og 5. des. kl. 17.30-19.30. Torsdag 12. desember er det fram møte kl. 17.30. Konserten byrjar kl. 19.30.

Musikalsk ansvarleg for begge prosjektkora er kantor Olav Arne Steinkopf. Påmelding innan 4. oktober til os377@kirken.no Det er mogleg å vere med på begge prosjekta eller berre eitt.

Familiekoret i Arna er eit kor utan aldersgrense i nokon retning! Barn i følgje med vaksne er velkomne til song, leik og fellesskap i kyrkjelydshuset i Indre Arna. Frå kl. 16.30 er det hot-dogs, saft og kaffi for dei som vil. Kl. 17-17.30 samlar vi oss rundt pianoet til song, bevegelse og gjerne ei forteljing. Oppstart er 27. august, og deretter annakvar torsdag. Musikalsk leiar er kantor Olav Arne Steinkopf, saman med Julie Kristiansen, Benedikte Auglænd, Kari Secher og Møyfrid Opheim. Velkommen til små & store!

Ytre Arna Ving er eit barnelag for born i 1.-4. klasse. Møtestad er Ytre Arna bedehus annankvar torsdag kl. 18.00-19.15. Vi startar med ein andakt. Så blir alle delte inn i grupper etter alder med ulike aktivitetar som kjøkken, hobby, sløyd og teknikk. Her kan du få utfalda dine kreative evner! Det vert og Ving-kveldar med julefest, påskefest og mini-tivoli. Pris: 150 kr per år. Kontakt: Jørgen Bernes, tlf. 902 66 033.

Torsdagsklubben er for deg som går i 5.klasse og oppover! Dei held til i Ytre Arna Bedehus, annankvar torsdag frå kl.18-20. Leiar er Oddhild Blindheim. Ta kontakt på oddhild87@gmail.com for meir informasjon.

Klubben for funksjonshemma møtest onsdagar kl 17.30-19.30 i Arna kyrkjelydshus. Av programmet i haust står blant anna ludo-turnering, filmkveld, kostymefest og baking. Kveldane blir avslutta med kveldsmat, song og eit ord for kvelden. Ein gang i månaden er det eigen klubb-gudsteneste i kyrkja kl 18.30. Den er open for alle, sjå gudstenestelisten bak på bladet.

Klubben har plass til fleire! Kontakt leiar Frida Runge for meir info, fridarunge@gmail.com



Ny møteplass i Ytre Arna!

Ytre Arna kyrkje og Ytre Arna sanitetsforening inviterer til uformelt førermiddagstreff i Ytre Arna kyrkjelydshus ein måndag i månaden. Stikk innom for ein prat, ta gjerne med eit håndarbeid. Det blir servert kaffi, te og litt å bite i. Datoar for treff er 19. august, 16. september, 21. oktober, 18. november og 16. desember kl. 12-14.

Grautlördag for alle generasjonar i Arna kyrkjelydshus! Her kan du komme – åleine eller med heile familien – til gratis kafe med lørdagsgraut, saft og kaffi. Leik og aktivitetar for barna. Alt er gratis. Det blir graut og ope hus kl 12-15 desse dagene i haust: 31.08., 28.09., 26.10. og 30.11. Velkommen til små & store!



Open barnehage

Open barnehage er eit tilbod til deg som er heime med små barn på dagtid. Her kan du komme saman med barnet og ta del i ulike aktivitetar. Vi leikar, syng, teiknar og malar! Av og til lagar vi mat, besøker kyrkja, biblioteket eller andre turmål i nærmiljøet. Barnehagane har stengt i skulen sine feriar

Noa open barnehage i Ytre Arna: tysdag kl 9-14.30, onsdag kl 9-14.30 og torsdag kl 9-14.00

Du finn oss i det store kvite huset rett bak Ytre Arna kyrkje. Noa har ein triveleg leikeplass som òg kan nyttast utanom opningstidene våre. Ein ettermiddag i månaden inviterer Noa og Ytre Arna sokneråd til **middag** for små og store. Her kan du komme etter barnehage/skule eller arbeid og ete eit godt måltid i godt selskap – gratis. Følg med på Facebook-sidene til Noa open barnehage og Ytre Arna kyrkjelyd for nærare informasjon! Datoar for middag: 21. august, 25. september, 30. oktober og 27. november kl 14-17.

Sakkeus open barnehage har ope måndagar kl 9-15 i kyrkjelydshuset i Indre Arna.

Du kan komme når det passar, og være så lenge du vil. Kl 11 har vi felles sangstund, og etterpå et vi lunsj saman. Følg oss på Facebook for nærare program!

BASAR for kyrkjelydshuset i Indre Arna laurdag 21. september kl. 14.

Andakt, åresalg og trekking av loddbøker.
Mange flotte gevinstar:
dokkevogn, gryter, fiskestang, håndarbeid med meir.
Ringspel for barna med garantert premie.
GRATIS kafe med vafler og kaker, saft, kaffi & te.

Lodd blir å få kjøpt hos medlemar i kyrkjeringane, på kyrkjekaffi etter gudstenester og grautlördag i august.

Gevinstar vert mottekne med takk, og kan leverast på kyrkjekontoret.

Bok til fire-åringar og til seks-åringar

Sundag 8. september kl. 11 blir det gudsteneste for små og store. Då skal både dei som fyller 4 år dette året, og dei som fyller 6 år dette året, få «Mi kyrkjebok». Det er sjølvstekt ikkje same boka! Dei som er 4 år, får ei bok som passar for dei, og dei som er 6 år, får ei bok som er tilpassa at dei no er mykje større. Alle i rett alder som er døypte medlemmer av Den norske kyrkja og bur i Ytre Arna sokn, får brev med innbyding. Men alle er velkomne, anten dei er døypte eller ikkje, ja, endå om dei er på besøk frå andre stader! Og så kan de gleder dykk til å høyra barne- og ungdomskoret vårt Non stop singing syngja.



Misjonssøndag i Arna 29.september Du er veldig velkommen til søndagen for Misjon. Denne søndagen er laget både for barn og voksne.

Vi startar i kirken kl. 11.00 og fortsetter i kyrkjelydshuset rett etter gudstjenesten. Dersom du synes det blir en for lang søndag, er du velkommen i kyrkjelydshuset kl. 12.15.

I år får vi med oss fam. Miriam og Arne K. Haaland og Ingfrid Mullen. De har alle vært misjonærer kort tid tilbake på ulike steder og deler sine erfaringer med oss. Spennende!

Det blir også noe å spise for store og små! Vi ser frem til å se deg.

Arr. Arna Kyrkjelyd, NMS og Normisjon.



Kristenretten - Norges første Grunnlov

I 1024, for tusen år siden ble det holdt et møte på Moster på Bømlo som skulle endre Norge for alltid. Det var Olav den hellige og den engelske biskopen Grimkjell som hadde kalt inn til møtet. Her ble Kristenretten vedtatt. Den var en lovsamling av de regler en må følge for å leve et kristent liv.

Og den begynner slik i Gulatingsboken, lovboken for Gulatinget.

“Det er opphavet til lovene våre at me skal bøyggja oss mot aust og beda til den heilage Krist um godt år og fred,”

En høyaktuell begynnelse på en 1000 år gammel grunnlov.

Å leve som en kristen

Blant de viktigste lovene var å døpe barn og begrave døde på kirkegården. Ikke å arbeide på søndagen eller spise kjøtt på fredagen. Samtidig ble det forbud mot å lytte til spådommer, sette ut barn, bygge altere og blote til de norrøne gudene.

I møte med norrøn tro

Mennesker ble i norrøn tid vurdert etter den nytteverdi de hadde for slekten. Det å sette ut barn derfor vanlig. Ikke minst rammet dette funksjonshemmede. Med Kristenretten kom derimot et forbud mot å sette ut barn. I stedet kom det et påbud om at ethvert barn skulle døpes og få vokse opp.

“Det neste er at kvart barn skal veksa upp som vert født i landet vårt”

Dåpen ble den sentrale hendelsen i et menneskes liv. Og var barnet sykt ved fødselen, kunne selv en kvinne døpe det. For bare som døpt kunne barnet gravlegges på kirkegården i hellig jord. Mennesket-synet var slik ikke lenger knyttet til dets nytteverdi for slekten, men til det gudsforhold som ble etablert ved at barnet i dåpen ble en kristen. Et gudsforhold som forble etter døden.

Omsorg for de fattige

Etter hvert kom det også inn i

Kristenretten at alle skulle betale tiende av alt de tjente. Og av den skulle en fjerdedel gå til de fattige. Slik møter vi i Kristenretten begynnelsen på en fattigomsorg.

Et nytt gudsbilde

Kristenretten tegner slik et bilde av en barmhjertig Gud som er på de hjelpeløse og de fattiges side. Barmhjertig betyr bokstavelig “hjerter for de arme”. Det vil si “de fattige”. Kristenretten er slik ingen dårlig grunnlov for livet nå 1000 år senere. For et menneskesyn hvor det er nytteverdien som bestemmer et menneskes verdi forsvant ikke med den norrøne tro, Det er tvertimot høyst levende.



TEKST: ERIK RODAL

Lokalt kyrkjeblad og lokale støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemdene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det heilt lokale Kyrkjebladet med tre årlege utgåver.

Vi er på lag - til beste for Arna!

For Arna sokneråd: Kristin Haukaas
For Ytre Arna sokneråd: Jorunn Haukås



Ditt lokale verksted



Stammeshagen Auto AS

Ytre Arna Tlf. 55247724 sthauto@online.no

For mer informasjon og bilder: Hjemmeside: <http://www.stammeshagenauto.no>
Facebook: Stammeshagen Auto AS
Kontaktpersoner eldre biler: Terje Angeltveit eller Gudmund Stammeshagen

**BYGGMESTER
JOSTEIN GARNES AS**



**Murmester
Sigurd Djonne AS**

www.sigurd-djonne.no
Tlf. 55 24 21 16
Følg oss på facebook

Boliger i mur

ARNA
gravferdsbyrå

DAHLS

Lakslia 14 (Borgstova), 5261 Indre Arna.
tlf: **55 24 08 08** (24t). arna-gravferdsbyraa.no

**ODDVAR
BJELDE**

Tlf. 55 53 55 20 | oddvarbjelde.no

**ARNA
glass as**



NorEngros

K.J. Brusdal AS

M. VATLE & SØNN AS

AUT. RØRLEGGERFIRMA
Etab. 1946



Vil du være med som frivillig?

Driften av fangeleiren avhenger av frivillige. Ta kontakt hvis du vil vite mer om arbeidet. 2011evf@gmail.com, tlf. 45872399



**Espeland Fangeleir
Venneforening**

Bibeltimar i Ytre Arna i haust

Øg i haust vil me ha ei rekkje bibeltimar i eit samarbeid mellom dei to bedehusa i soknet og kyrkjelyden. Bibeltimane er på onsdagar. Kvar gong er det anten ein enkel bibeltime med kaffi etter eller ein dobbel bibeltime – med ein kopp kaffi i pausen.

Program for hausten 2024:

28. august kl. 19.00 i Ytre Arna kyrkje: Ingvar Fløysvik. Emne: Guds ord ved profeten Jesaja: (I) Immanuel og (II) Kvifor bodskapar om folkeslaga?

23. oktober kl. 19.00 på Ytre Arna bedehus: Talar og emne enno ikkje bestemt.

11. desember kl. 19.00 på Haugland bedehus: Talar og emne enno ikkje bestemt.



Natur

Hjertelag finnes bare som "både og." Mangler du hjertelag for dyr mangler du det også for mennesker. Har du omsorg for dyr vil du også ha det for mennesker. Slik misjonslegen og humanisten Albert Schweitzer sa: «Et barn som rekker ut hånden for å hjelpe et lidende dyr vil en dag rekke ut hånden til et menneske».

“Den rettferdige har omsorg for sin buskap, de urettferdige er uten hjertelag.”

Ordsp. 12. 10



Minnegudsteneste 3. november kl. 17.00

Helgemessesøndag vert det òg i år arrangert ei minnegudsteneste i Arna kyrkje. Dette er ei meditativ gudsteneste med diktlesing, tekstlesing, vakker musikk og kjende salmar. I tillegg vert det ei opplesing av namna til alle i soknet som har gått bort sidan sist helgemessesøndag. Det vert mogleg å tenne ljós. Gudstenesta er open for alle.

Alle inntekter går til skuleprosjekt i Bangladesh.

Betania på Lone

HAUSTMESSE & BASAR

Laurdag 28. sep. kl. 12

KAFÉ



Andakt av Solveig Hosøy. Sal av handarbeid og heimelaga mat. Kafé med kaffi og kaker.

Haukeland Indremisjon



Slekters gang

Arna

Døpte:

Matias Helleve Wollertsen
Leon Valentin Selseng Azk
Dennis Rostrup Tvedt
Viola Broch Ndikumana
Ask Natland
Malene Røssvold Bøe
Mateo Nybø Stamnes
Synne Alfsen Takvam
Eileen Børve
Alba Dregelid Hovland
Røyrvik
William Bakken Nordvik
Emma Olsen Nybrot
Olivia Mikkelsen Øien
Jonas Olea Zinke
Amalie Madeleine Evanger
Heine Espevik Haukeland
Evelina Lind Knutsen
Liam Lindvik Askevold
Aron Birkeland Hjønevang
Henrik Wilhelm Walsvik
Sophia Bruvik Møller
Falk Ivo Ribesen Tonheim
Mathilde Mjelde Loftås
Marie Monsen Strømme

Vigde:

Linn Heggertveit & Inge Andreas Førdedal

Therese Heggem Sørhaug & Øystein Sørhaug

Lina-Kathrin Ulveraker Egesund-Reknes & Jo Egesund

Matias Flaktveit & Silje Birkeland Sleen

Miriam Ylvasdatter Ladstein & Jonatan Lohne Anabalon

Døde:

Asbjørn Knut Iversen
Jannicke Havn
Hilde Sunde Mjelstad
Sverre Myklebust
Inger Marie Osland
Ragnar Gjerdevik
Liv Joan Solberg
Målfrid Karlson

Inga Kristina Skjoldal
Magne Åsheim
Ivar Midlang
Moritz Michal Lygre
Aina Hereide Ramsdal
Gerd Marie Nøkling
Trygve Helge Kleppesø
Lars Borge
Olborg Lilly Aase
Björg Laila Hausvik
Håkon Justad
Inger Norun Borge
Jofrid Signe Indrehus
Erling Garnes
Ester Krogsrud
Frida Solberg
Björg Karin Skartveit
Margun Karin Mjelde
Alfred Hodnelid
Aagot Halvorsen
Margit Skjelbreid
Bergitta Signe Træbakken
Malvin Minde
Aud Karin Hansen
Aud Evelyn Bjørndal
Asbjørn Solberg
Åse Anna Hauge

Ytre Arna

Døpte:

Malvin Færøy-Hjertås
Warg Skare Johnsen
Elvira Bjørnarøy-Taute

Vigde:

Lene Bergfjord Otterstad & Sindre Holen Otterstad

Døde:

Einar Arnvid Flæsland
Per Johan Johannessen
John Sigvart Dyndal
Annbjørg Stein
Jarle Kvarme

Gudstenestekalender



Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med atterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester. I Ytre Arna har me sundagsskule kvar sundag det er gudsteneste, så sant me får det til. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå www.kyrkja.no/arna eller www.kyrkja.no/ytrearna. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing. Arna: 55 36 22 70 (kyrkjekontoret). Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: 916 06 626

01.09.

15. søndag i treeiningstida
Arna kyrkje kl. 10.30 og 12.30:

Konfirmasjonsgudstenester. Reisæter-Thu.

07.09.

Laurdag
Arna kyrkje kl. 10.00 og 11.45 og 13.30:

Konfirmasjonsgudstenester. Arne Mulen.

08.09.

16. søndag i treeiningstida
Arna kyrkje kl. 11:

Konfirmasjonsgudsteneste. Reisæter-Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små og store. Mi kyrkjebok til 4- og 6-åringar. Fløysvik. Non stop singing.

15.09.

17. søndag i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 19:
Ordinasjon av Roar Moen. Biskop Ragnhild Jepsen.

18.09.

Ons. e. 17. sun. i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 18.30:
Klubbgodsteneste. Moen/Reisæter-Thu.

22.09.

18. søndag i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.
50-årskonfirmantar. Fløysvik. YA vokal.

29.09.

19. søndag i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Misjon/hausttakkefest. Fløysvik.

06.10.

20. søndag i treeiningstida

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Jubileumsgudsteneste. Grutle/Fløysvik. Non stop singing. Arna og Ytre Arna kyrkjekor. YA vokal.

13.10.

21. søndag i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. 50-årskonfirmantar. Moen.

16.10.

Ons. e. 21. sun. i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 18.30:
Klubbgodsteneste. Moen.

20.10.

22. søndag i treeiningstida

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Lys vaken. Reisæter-Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

27.10.

Bots- og bøneda
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Reisæter-Thu.

03.11.

Helgemessesundag
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen.

Arna kyrkje kl. 17:

Minnegudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

06.11.

Ons. e. helgemessesundag
Arna kyrkje kl. 18.30:
Klubbgodsteneste. Moen.

10.11.

25. søndag i treeiningstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen.

17.11.

26. søndag i treeiningstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Reisæter-Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

24.11.

Kristi kongedag/ Domssundagen

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Overføring til NRK.

01.12.

1. søndag i adventstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små og store. Lys vaken. Fløysvik. Non stop singing

Ytre Arna kyrkje kl. 19:

Lysmesse. Fløysvik. Konfirmantane.

04.12.

Ons. e. 1. søndag i adventstida
Arna kyrkje kl. 18.30:
Klubbgodsteneste. Reisæter-Thu

Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen og skjema for digital påmelding.

www.kyrkja.no/arna
www.kyrkja.no/ytrearna

Vel fana «dåp», «ny registrering» og kryss av for den kyrkja du ønskjer dåp i, så får du opp ledige datoar. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du kontakta kyrkjekontoret eller ein av prestane direkte.

